

Kari Johannessen

Fra: fmhopostmottak@fylkesmannen.no
Sendt: 15. oktober 2015 15:27
Til: Ard arealplan as
Kopi: postmottak@lindas.kommune.no
Emne: Uttale til oppstartsmelding - Lindås - Gnr 24 Bnr 2 m.fl - Jydalen - Fammestad - Reguleringsplan

Uttale til oppstart av reguleringsplan – Gnr. 24 – Bnr. 2 m.fl. – Jydalen – Fammestad - Lindås kommune

Vi viser til dykker brev av 10.09.15 med melding om oppstart av planarbeid for gnr. 24 bnr. 2 m.fl.

Fylkesmannen legg til grunn at planarbeidet i hovudsak er i samsvar med overordna plan og at det ikkje er i strid med nasjonale føringer for arealpolitikken.

Fylkesmannen poengterer at alle planar etter plan- og bygningslova skal inkludere vurdering av folkehelseperspektivet, jf. plan- og bygningsloven §3-1. Planlegginga skal vere helsefremjande gjennom å fremje faktorar som styrkjer helsa og livskvaliteten, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova §4. Eit sentralt element i folkehelsesatsinga er å sikre barn og unge gode oppveksttilhøve, jf. Regional plan for folkehelse 2014-2025. Alle planar krev god medverknad og barn og unge skal vere høyrd og teke omsyn til i planprosessen.

Vi minner vidare om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet, og at dette må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

ROS-analyse

Kommunane skal fremja samfunnstryggleik i si planlegging, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 3-1 bokstav h. Pbl. § 4-3 set difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal visa risiko og sårbarheit som har verknad for om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Teknisk forskrift (TEK10) definerer kva som er akseptabel risiko for m.a. flaum og skred. Akseptkriteria for anna type risiko må defineraast av kommunen. Fylkesmannen legg til grunn at slike akseptkriteria bør vera minst like strenge som for flaum og skred. Alle risikotilhøve skal merkast på plankartet med omsynssone. Vidare skal krav til risikoreduserande tiltak gå fram av planføreseggnene.

På nettsida www.planlegging.no kan ein hente nyttige tips til planlegging.

Som ledd i arbeidet med å få sikre god framdrift i planprosessane stiller Fylkesmannen gjerne på møter saman med kommunen dersom det er ønskjeleg for å få avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet.

Med helsing

Hege Brekke Hellesøe
Rådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland
Kommunal- og samfunnsplanavdelinga
Tlf: 55 57 23 52
www.fylkesmannen.no/hordaland

Abonner på nyhende frå Fylkesmannen

. Tenk miljø - ikkje skriv ut denne e-posten med mindre det er naudsynt

